

Smalahove på Sunnfjordhytta **2.–3. nov.**

Minner om smalahovegildet på Sunnfjordhytta (Pustut) **laurdag 2. november** 2019. Vi reknar med at dei skal vere klare til **servering seinast kl. 19.00.**

Kom gjerne tidlegare. Hugs at no har vi vintertid, så det vert tidleg mørkt. Det vert kaffi og noko lite å bite i utpå ettermiddagen.

Prisen vert endeleg bestemt når vi har gjort innkjøpa og har oversikt over kor mange som kjem. Vi reknar likevel med at han vert **rundt kr 200.** Dei som overnattar, betaler i tillegg overnatting kr 100.

Dei siste åra har dei fleste reist ned att om kvelden, så nokre få har hatt arbeidet med oppvask, rydding og hyttevask. Vi vil difor gje **rabatt til dei som overnattar.**

Sunnfjordhytta Pustut ligg ved Sinober i Lillomarka. Du kan gå sti anten frå Snippen eller Movatn (på Gjøvikbana) eller grusveg frå Sagtomta i Nittedal (RV4 til skilting 'Lillomarka').



FOTO: Agnar K. ©

SMALAHOVE TIL BORDS: So god stemning er det på Sunnfjordhytta når det ei helg kvar haust kjem smalahove, kålrot og poteter på bordet.

Dei som vil overnatte, må ta med sovepose/lakenpose og frukostmat og drikke.

Påmelding seinast onsdag 30. oktober til Agnar Hegrenes, agnar.hegrenes@nibio.no eller tlf. 924 96 438 (gjerne på sms).

Vi ynskjer alle velkomne til eit godt måltid svidne smalahove frå Smalahovetunet!